

MØTEREFERAT

23 januar 2018 Tid: Kl 09.30 – 14.00

Stad: Pasienthotellet- Panorama

Til stades:

Inge Aareskjold Fiskvik

Inger Lingjerde

Kirsten Eikanger Mjelde

Svein Nord Kristiansen

Hjørdis Dahle

Dag Einar Liland

Ida Carlsen Eide

Marianne C. Håheim

Agnar Berland

Forfall

Joe R. Aserwatham

Frode Tony Bodin

Sak 01/18 Godkjenning av innkalling og saksliste for Brukarutvalet i Helse Bergen

Godkjent utan merknader

Sak 02 /18 Godkjenning av referat frå møte 11.12.17

Godkjent

Sak 03 /18 Orientering om aktuelle saker i Helse Bergen ?

Saka utgår.

Istadenfor orienterte leiar frå styremøte:

- *Budsjettet i Helse Bergen vart vedteke.*
- *Brukarutvalet ønskjer sak kvart halvår med tal på ventetider.*
- *Om terapibasseng. Semje om at Brukarutvalet må konsentrere seg om at terapibassenget blir brukt til pasientar i spesialisthelsetenesta som treng dette tilbodet. Det er ønskjeleg at representantane frå organisasjonane ber sine kollegaer i kommunane om å be kommunane om fortsatt å gi innbyggjarar med behov for terapibassen et tilbod.*

Sak 04 /18 Prehospital plan v/ Hjørdis Dahle

Ei viktig sak var plassering av ambulansen- responstid

Også den sterke vekst i poliklinikk og dagbehandling

Ønskje frå Brukarutvalet om å invitere Jan Agdestein for å orientere om prehospital plan.

Sak 05/18 Møteplan 2018 Brukarutvalet

Det vart vedteke at møtet i februar skulle haldast tysdag 20. Alle dei andre møta vart flytta fram til måndag. Utvalet ynskjer også møte 26 november. Sekretariatet informerer aktuelle organisasjonar og kommunikasjonsavdelinga.

Sak 06/18 Sak til styret - Årsmelding 2017 m/ prosjektoversikt samt retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå.

Utvalet tok årsmelding, prosjektoversikt og retningslinjer for Brukarmedverknad til orientering. Prosjektoversikten må oppdaterast. Alle medlemmane sender sekretariatet oversikt over prosjekt som er avslutta(gul ut) eventuelt prosjekt ein saknar. Det er viktig at oversikten også inneheld oversikt over kontaktperson/adresse i føretaket.

Sak 07/18 Førespurnad om deltaking i referansegruppe - prosjekt prioritering i klinikken Fra Hege Wang h-dir.

Agnar Berland representerer Brukarutvalet med Inge Fiskvik som vara. Sekretariatet melder tilbake.

Sak 08/18 Førespurnader om medverknad

- **Ergoterapi, plan for opplæring om brukarmedverknad**

Anette Tranøy vert førespurt av Hjørdis Dahle

Sak 09/18 Brukarmedverknad innan kvalitetsregister og innan forskning
Orientering v Leiar om møte med AU. *Det var på møte semje om at nasjonalt servicemiljø skulle følgje opp aktuelle kvalitetsregistre med informasjon om at brukarmedverknad er eit krav og at dette skal honorerast av registra.*

Sak 10/18 Frå/til utvalet

- Omstillingsprosjektet. Inge Fiskvik orienterte kort om kva prosjekt brukarane deltok på. Oversikt sendt sekretariatet i november 2017
- Invitere IKT og kommunikasjon til møte februar for å sikre like verd. Semje om å invitere til neste møte.
- Utgreiingsmottak- skjema. Her har Inger Lingjerde og Hjørdis Dahle utarbeidd nytt skjema til pasient som dei tar med på neste møte i prosjektet. I arbeidsgruppa var det fagleg usemje på første møte.

AU held møte mandag 12, møterom 2037 Jørgen Sandbergshus 2037 kl 14.00-15.30. og drøftar mellom anna:

- mammografi i Helsehuset Nordhordland
- Kvinnehelse
- Invitere lønkontoret om honorering
- Invitere Kommunikasjons avdeling og IKT for å sikre brukarane lik tilgang til intranett og annen informasjon ein treng for å kunne delta i prosjektarbeid i Helse Bergen på ein likeverdig måte.
- Representasjon frå eldrerådet i Brukarutvalet

- Agnar Berland orienterte frå fagråd lindrande behandling. Svært mange døyr på einerom utan rutinar og utan nok kunnskap. Saka bør følgjast opp.

Sak 11/18 Eventuelt

Ingen saker